



## Notat

**Dato**

LEIKANGER, 21.09.2015

**Til:** Fylkesutvalet, møte 30. september 2015

**Frå:** Fylkesrådmannen

### **Sentraladministrasjonen - organisasjonsendringar**

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget (FT) sitt vedtak av desember 2014 om den politiske organiseringa i fylkeskommunen og til pågående utgreiingsprosjekt i høve sentraladministrasjonen.

#### **1. Politisk organisering**

FT gjorde 9.12.14, i sak 39/14 «Politisk organisering i Sogn og Fjordane fylkeskommune 2015-19», pkt. A, slike vedtak:

- «Den politiske organiseringa i fylkeskommunen vert for valperioden 2015-19 slik:
1. Fylkestinget skal ha 31 medlemer.
  2. Fylkesutvalet skal ha 9 medlemer.
  3. Fylkeskommunen skal ha 3 hovudutval, kvart med 9 medlemer, slik:
    - Hovudutval for samferdsle.
    - Hovudutval for opplæring.
    - Hovudutval for næring og kultur.
 Inntil delegeringsreglementet er revidert, jf. pkt. C. under, går alle plansakene i dagens Hovudutval for plan og næring til fylkesutvalet.
  4. Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal ikkje vere medlemer i noko hovudutval.
  5. Leiarane i hovudutvala skal ikkje vere medlem i fylkesutvalet.
  6. Ordninga med finansutval og planutval vert vidareført. Med verknad frå konstituerande fylkesting 2015 vert det personsamanfall i utvala med utgangspunkt i dagens finansutval si samansetting.
  7. Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmar. Leiar og nestleiar skal kome frå fylkestinget. Dei tre andre skal hentast utanfor fylkestinget. Fylkestinget legg til grunn at berre leiar og nestleiar skal delta i møta i fylkestinget. Dei andre medlemmane møter ikkje under fylkestingsseta.»

#### **2. Pågående utgreiing (57); Sentraladministrasjonen – roller og storleik**

Opp mot FT sitt vedtak om ny økonomiplan vart det ferdigstilt mange utgreiinger. Andre har ein seinare ferdigstillingsdato. Ei av desse (57) vedkjem sentraladministrasjonen. Om denne og tilsvarende utgreiinger seier FT sitt økonomiplanvedtak følgjande (sak 26/15, pkt. 4):

«Utgreiingar med seinare ferdigstillingsdato skal handsamast som ein del av budsjett/økonomiplanprosessen som vert gjennomført i 2016.»

Vi har no starta arbeidet som skal vurdere innsparingar i høve «Administrasjon». Dette programområdet er dominerande (60%) innafor budsjettområdet «Forvaltning». Utgreiingsramma for «Forvaltning» vart på forsommaren 2014 auka frå 17 til 30 mill. kr. Desse beløpa inkluderer alt



gjennomførte tiltak, som t.d. ein reduksjon i tal medlemer i fylkestinget, inndraging av stillingar i sentraladministrasjonen og nokre andre tiltak.

«Administrasjon» har i seg den kompleksitet at ein god del utgifter, som blir oppfatta som sentral-administrative, blir ført på programområde utafor «Forvaltning». Dette gjer vi for å stette SSB sine føringskrav (Kostra). Utgreiinga om sentraladministrasjonen (nr. 57) må difor omhandle både programområde innan «Forvaltning» og nokre andre sentraladministrative budsjettområde.

For dei samla sentraladministrative funksjonane har fylkesrådmannen som rettesnor at dei må vere tilpassa dei tenestene vi skal yte mot politiske organ, mot eigen driftsorganisasjon og mot eksterne partar (bedrifter, organisasjoner, innbyggjarar). Administrasjonen må og vere driven på ein måte som gjer at ein stettar norsk lov og elles følgjer dei krav og forventningar fylkestinget til ei kvar tid set, t.d. ved handsaminga av ulike forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Det at sentraladministrasjonen må vere tilpassa fylkeskommunen si verksemd, er eit uttrykk for at administrativ verksemd ikkje er eit mål i seg sjølv. Vi må heller sjå på dette som ein aktivitet vi må ha for å stette andre og meir primære sider av verksemda vår. Det forklarar og at denne utgreiinga har mars-16 som leveringsfrist og såleis må kunne byggje på/tilpassast andre utgreiingar.

Meir konkret tek vi i denne utgreiinga sikte på å sjå nærmare på følgjande:

- a. Korleis skal sentraladministrasjonen organiserast?  
Aktuelle element er tal avdelingar, stabsfunksjonane hos fylkesrådmannen mv.
- b. Kva kan vi kutte i administrasjonen som følgje av at fk. oppgåver/tenester vert reduserte?  
Her må vi byggje på både avslutta og pågående sektorutgreiingar.
- c. Korleis skal arbeidsdelinga mellom sentraladministrasjonen og driftsorganisasjonen vere?  
Her må vi t.d. kunne rekne inn ev. innsparingar innan løn/rekneskap og ikt, to område som vil bli særskild utgreidde. Her bør vi og sjå hen mot oppgåva som det kom innspel på i den politiske økonomiplanprosessen; å sjå på konsekvensane av eit ev. større ansvar til den einskilde skulen, m.a. knytt til personale og økonomi.
- d. Korleis bør den samla dimensjoneringa av dei sentraladministrative funksjonane vere?  
FT har nyleg teke bort stillingar tilsvarande 7 mill.kr, utan å fase ut oppgåver, innføre noko ny arbeidsdeling eller gjennomføre organisasjonsendringar. I utgreiinga må vi vurdere om vi kan gå vidare langs denne vegen og kva konsekvensar det ev. vil få.

Erfaringane så langt tyder på at vi ikkje berre kan redusere utgiftene ved stillingsreduksjonar. Vi må også kunne vurdere andre typar av innsparingar.

### 3. Sentraladministrativ organisering (pkt. a. over)

I høve punkt a. over, organiseringa av sentraladministrasjonen, meiner fylkesrådmannen vi bør leggje følgjande til grunn:

- a. Det bør no etablerast symmetri mellom politisk og administrativ organisering. Overgang til tre hovudutval bør såleis følgjast av overgang til tre linjeavdelingar (fylkesdirektørar); 1 for samferdsle (SA), 1 for opplæring (OA) og 1 for næring og kultur (NKA). Pr. dato har vi 4 hovudutval og 5 fylkesdirektørar.

Denne løysinga er teikna inn i organisasjonskartet under.

Her er det dessutan gjort følgjande endringar, med grunnlag i den organisasjonen vi no har:


- b. Leiaren for det regionale planarbeidet blir plassert i fylkesrådmannen sin stab («plansjef»). Resterande avdeling (Plan og samfunn) blir, på stabsnivået, underlagt vedkomande plansjef om lag på same måte som løns- og rekneskapstenesta (LOR) i dag ligg under økonomi-sjefen. Dette vil vere ei god tilpassing til FT sitt vedtak som seier at alle

plansaker som no går til HPN i utgangspunktet vil gå til FU. Fylkesrådmannen vil vurdere ev. detaljar knytt til denne administrative løysinga fram mot iverksetjinga.

- c. Personalsjef og informasjonssjef, som no rapporterer direkte til fylkesrådmannen, vil med ny organisering rapportere til assisterande fylkesrådmann.
- d. Innkjøpssjef, som no rapporterer til assisterende fylkesrådmann, vil med ny organisering rapportere til økonomisjefen.

### **Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Sentraladministrasjonen frå 01.04.2016



#### **4. Verksemdsnivået**

Kartet over gjeld berre sentraladministrasjonen. Det omfattar såleis ikkje det vi kallar verksemds- eller institusjonsnivået. Dette nivået omfattar t.d. tannhelsetenesta og tilhøyrande klinikkar, dei vidaregåande skulane, kulturinstitusjonane (som fylkesarkivet og fylkesbiblioteket) og for så vidt og Statens Vegvesen (jf. sams vegadministrasjon).

#### **5. Fylkesrådmannen si leiargruppe**

I leiargruppa mi, som møtest kvar 14. dag, er det i dag 10 personar. Dette er 5 fylkesdirektørar, 3 stabssjefar, assisterande fylkesrådmann og underteikna. Med nemnde organisering vil talet gå ned til 7; 3 fylkesdirektørar, 2 stabssjefar, assisterande fylkesrådmann og underteikna. Alle desse vil ha leiarstillingar og rapportere direkte til meg.

Eg vil her måtte vurdere kva sekretærordninga den nye gruppa vil ha behov for.

Eg vil framover ønske å bruke leiargruppa noko meir fleksibelt på den måten at andre leiarar og tilsette får høve til å møte (på sine saker) ved behov.

#### **6. Tidspunkt for omorganiseringa**

Overgang til 3 hovudutval vil skje frå 20.10.15. Overgang til 3 sentraladministrative avdelingar bør skje først frå 1.04.16. Det vil, pga. endra stillingar og innplasseringar, vere vanskeleg å få dette til tidlegare. Det vil dessutan vere mest ryddig å avslutte året 2015, både drifts- og rapporterings-messig, med dagens organisering. Fylkesrådmannen ønskjer å gjere vedtak om dette no i haust. Viss dette vedtaket skal vente til utpå ettermålingen/våren, vil gjennomføringa måtte vente til utpå hausten 2016 (midt i budsjettåret 2016). Det vil vere uheldig.

## **7. Fylkesrådmannen sine fullmakter**

Fylkesrådmannen sitt vedtak vil bli gjort med grunnlag i FT sitt delegeringsreglement, vedteke i FT i oktober 2012. Her heiter det i pkt. 4.6:

### «Organisering av administrasjonen»

Fylkesrådmannen har mynde til å vedta organisering av sentraladministrasjonen og vedta organisasjonsplanar og andre tiltak i samband med organisasjons- og utviklingsarbeid i den fylkeskommunale verksemda.

Det er eit vilkår at viktige prinsipp og budsjettmessige konsekvensar skal vere avklara i det politiske systemet på førehand.»

Fylkesrådmannen vurderer det slik at det no ligg til rette for å endre organisasjonen som skissert. Den skisserte løysinga vil ikkje bryte med nedfelte prinsipp og vil i seg sjølv ikkje ha budsjettmessige konsekvensar. Løysinga vil, slik eg ser det, representere ei god tilpassing til dei endringar som no skjer på politisk side.

## **8. Proses**

Fylkesrådmannen følgjer lov- og avtaleverket for denne type endringar.

### Følgjande er gjennomført før 23.09.15:

- Juni 2015: Individuelle samtalar med fylkesdirektørane ved kulturavdelinga, næringsavdelinga og plan- og samfunnsavdelinga.
- 21.08.15: Orientert mi eiga leiargruppe.
- 18.09.15: Orientert dei plasstillitsvalde i sentraladministrasjonen i eige møte.
- 21.09.15: Orienterte andre leiurar som vert berørte av den planlagde organiseringsjusteringa.
- 21.09.15: Orientert alle tilsette på samtidige allmøte på Leikanger og i Førde.

### Etter at dette notatet vart utlagt, er følgjande planlagt:

- 30.09.15: Orientere fylkesutvalet, og be om ev. merknader.
- Okt. 2015: Halde drøftingsmøte med dei plasstillitsvalde.
- Okt. 2015: Gjere administrativt vedtak om organisasjonsendringa.
- Okt. 2015: Orientere LAMU i sentraladministrasjonen.
- 18.11.15: Orientere hovudsamarbeidsutvalet (HSU) om saka.
- 01.04.16: Iverksetjing.

Gjennomføringsperioden vil såleis strekkje seg frå og med november 2015 til og med mars 2016.

I perioden frå oktober/november-15 vil vi måtte leggje på plass ei rekke administrative ting. På den faglege sida må vi m.a. vurdere korleis tversektorielle oppgåver som folkehelsearbeidet, internasjonalt arbeid, klimaarbeid, arbeidet i høve Vestlandsrådet mv. skal ivaretakast i den nye organisasjonen.

## **9. Fylkesutvalet 30.september 2015**

Eg orienterer no fylkesutvalet om føreståande, og ber i det høve om ev. merknader.